

Sparebankstiftinga Hardanger

Styret si årsmelding for 2019

Bakgrunn og føremål

Sparebankstiftinga Hardanger vart skipa 1. november 2011 som følgje av at Sparebanken Hardanger vart slått saman med Sparebanken Vest.

Stiftinga sitt hovudføremål er :

- Vidareføra sparebank-tradisjonane ved å gje gåver til ålmennyttige føremål.
- Vera ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Vest.
- Syta for ei forsvarleg kapitalforvaltning av dei midlar stiftinga rår over.

Ålmennyttig verksemd

Eit viktig mål med stiftinga er å vidareføra sparebankstradisjonane , blant anna gjennom utdeling av gåver til ålmennyttige føremål. Tidlegare Sparebanken Hardanger har gjennom åra vore ein viktig lokal støttespelar og bidrege med store gåver til lag og foreiningar.

Gjennom gåveverksemda har banken vore med å vitalisera lag og foreiningar og med det også lokalsamfunnet.

Sparebankstiftinga Hardanger har som mål å vidareføra og forsterka banken sitt samfunnsengasjement. Ved å vera samfunnsbyggjande og langsiktig tek vi sikte på å verta ein viktig aktør i utviklinga av vårt lokalsamfunn. Sparebankstiftinga Hardanger har så langt levert på dette målet ved at det er betalt ut ca. 10 mill.kr i gåver kvart år sidan stiftinga vart etablert og fram til og med 2017. Frå 2018 og i etterfylgjande år er den årlege utdelingssummen auka til 15 mill.kr.

Sparebankstiftinga Hardanger har som mål å bruka inntil 50 % av sitt overskot til ålmennyttige føremål.

I 2019 vart det delt ut gåver på i alt kr. 16.505.624. Kr. 1.550.000 av dette gjaldt endra disponering av tilbakeført gåve tidlegare gitt til Fotballklubben på Voss til bygging av Storhall på Voss. Prosjektet med Storhall vart kansellert i 2019 og avsette midlar til dette prosjektet vart omdisponerte til andre prosjekt. Utdelte nye gåver i 2019 om ein ser bort frå dette, var kr. 14.955.624. Av tidlegare gjevne gåver vart tilbakeført kr. 410.438.

Gåvene fordeler seg på 115 større og mindre prosjekt til i hovudsak lag og organisasjonar i Hardanger og på Voss.

Sparebankstiftinga har og ført vidare tradisjonen frå Sparebanken Hardanger med utdeling av kulturstipend til ungdom . I 2019 vart delt ut 8 stipend a kr. 30.000,00 til gåverike ungdomar i regionen innan kultur og idrett.

I 2019 vart også delt ut nyskaparpris på kr.300.000,00 som tilfall Siderklyngja i Hardanger.

Det vert elles vist til oversikt over gåvene i note 10 i årsrekneskapen.

Eigarstrategi

- Stiftinga skal vera ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Vest. Grunnkapitalen til stiftinga er 150 mill.kr fordelt på 6 mill. eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest kvar pålydande kr. 25. Stiftinga eig i tillegg pr. 31.12.2019 5.954.394 eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest. Stiftinga eig etter dette 11.954.394 eigarkapitalbevis. Dette utgjer 11,13 % av eigarkapitalbevisa i Sparebanken Vest og gjer stiftinga til den klart største eigaren i banken.
- I 2019 konverterte Sparebanken Vest ca. 2,3 milliardar kr. av den samfunnseigde kapitalen til privat eigarbeviskapital. Grunnen til dette var ynskje om å oppnå betre likviditet av eigarkapitalbevisa og få ein privat eigardel som er meir på storleik med samanliknbare bankar. Dette vart gjort ved at det vart oppretta ei stifting - Sparebankstiftelsen Sparebanken Vest - som fekk tildelt ca. 47 mill. nye eigarkapitalbevis. Med denne transaksjonen auka den private kapitalen i Sparebanken Vest frå ca. 22 % til 40 %. Sparebankstiftelsen Sparebanken Vest gjennomførte deretter eit stort nedsal av eigarbevis. Ca 45,2 mill. eigarbevis vart selde i marknaden for kr. 56,50 pr. eigarbevis. Etter nedsalet eig Sparebankstiftelsen Sparebanken Vest ca. 1,78 mill. eigarbevis. Mange gamle og nye investorar nytta høvet til å kjøpa eigarbevis ved nedsalet. Sparebankstiftinga Hardanger kjøpte seg ikkje vidare opp ved nedsalet sidan stiftinga frå før hadde ein stor del av si eige plassert i eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest og at det ikkje var trong for å vera med av omsyn til banken. Sjølv om stiftinga ikkje deltok, er stiftinga framleis den klart største eigaren med 11,13 % av uteståande eigarbevis.
- Stiftinga har forventningar til økonomisk forsvarleg bankdrift og stabilt utbytte.
- Stiftinga ynskjer å utøva styringsrett i Sparebanken Vest gjennom representasjon i styrande organ.

Stiftinga har i dag 3 representantar i generalforsamlinga til Sparebanken Vest. Stiftinga sin styreleiar er og medlem i valnemnda til Sparebanken Vest. Stiftinga er og frå mars 2016 representert i styret i Sparebanken Vest ved stiftinga sin daglege leiar.

Eigarskap i Sparebanken Vest.

Sparebanken Vest leverte i 2018 eit godt resultat. Resultatet gav grunnlag for utbetaling av utbytte på kr.2,30 pr. eigarkapitalbevis i 2019, tilsvarande 27,4 mill.kr i utbytte til stiftinga.

Sparebankstiftinga Hardanger har ikkje selt eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest i 2019.

Marknadsverdien av stiftinga sine attverande eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest pr. 31.12.2019 var 757,9 mill.kr. 6 mill. eigarkapitalbevis er definerte som stiftinga sin grunnkapital og er vist som finansielt anleggsmiddel i rekneskapen. Dei restande 5.954.394 eigarkapitalbevisa er vist som omløpsmiddel i rekneskapen. Både anleggsmidlane og omløpsmidlane er bokførte med kostpris i rekneskapen. Det er i tillegg meirverdiar i stiftinga sine eigarkapitalbevis på 379,5 mill. kr. Det vert vist til note 5 til rekneskapen.

Styret i Sparebanken Vest vedtok hausten 2017 endringar i banken sin utbyttepolitikk gjeldande frå rekneskapsåret 2018. Den nye utbyttepolitikken vil medføra at ein større del av overskotet vert halde attende i banken. Dette er gjort for å hindra at den private kapitalen i banken prosentvis vert

mindre i forhold til samfunnskapitalen. Gjeldande utbyttepolitikk gjev rom for utbetaling av inntil 50 % av overskotet pr. eigarbevis, men utbytte motteke i 2019 som er basert på rekneskapen for banken for 2018, utgjorde i underkant av 40 %.

Investeringar i obligasjonsfond og egedomsfond.

Samla investeringar i rente/obligasjonsfond pr. 31.12.2019 var 157,7 mill.kr.

Samla realisert avkastning på investeringane i obligasjons- og egedomsfond var i 2019 kr. 1.125.328
Ikkje realisert avkastning var kr. 6.033.115.
Det vert vist til note 1 og 6 til rekneskapen.

Resterande kontante midlar på om lag 124,7 mill. kr. er i hovudsak plasserte på særvilkårskonto i bank.

Investeringsstrategi.

Stiftinga har gjennom året hatt overvekt av bankinnskot . Dette har si årsak i at det lenge var eit aktuelt alternativ å kjøpa meir eigarbevis i Sparebanken Vest ved salet til Sparebankstiftelsen Sparebanken Vest som fann stad i november 2019.

Stiftinga har og gjennom året gjort endringar i regelverket for investeringar. Endringane vart først vedtekne på styremøte 6.11.2019 . Etter det har stiftinga innhenta diverse tilbod på forvaltningstenester og endeleg val av forvaltar vil truleg ikkje skje før på styremøte den 26.feb.2020. Etter dette tidspunktet vil truleg mykje av kontantmidlane bli nytta til nye investeringar.

Økonomiske resultat

Stiftinga fekk i 2019 eit årsresultat på 34,5 mill. kroner mot 75,9 mill. kroner i 2018.

Inntektene utanom utbytte på eigarkapitalbevisa i Sparebanken Vest på 27,4 mill. kr. består av renteinntekter på kr. 2.250.991, netto realisert gevinst obligasjonsfond/egedomsfond på kr. 1.125.328 og ikkje realisert avkastning på fonda på kr.6.033.115. Grunnen til den store nedgangen i inntekt frå 2018 til 2019 er at stiftinga ikkje selde eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest i 2019 og at utbyttet frå banken var klart lågare i 2019 enn i 2018.

Driftskostnadane for stiftinga utgjorde kr. 2.197.274 som er ein auke på kr. 5.751 i forhold til 2018. Auken er mindre enn inflasjonen . Kostnadene ved drift av stiftinga er om lag dei same i 2019 som dei var i 2018.

Styret gjer framlegg om at stiftinga sitt årsresultat på 34,5 mill.kr vert disponert slik:

Avsett til gåvefond	15,0 mill.kr
Avsett til annan eigenkapital	19,5 mill.kr.

Skatteforhold

Skatt vest har i brev av 13.06.2012 lagt til grunn at stiftinga oppfyller vilkåra for å vera skattefrie etter reglane i skattel. § 2-32,1.ledd.

Stiftinga har vore deltakar i eit ansvarleg selskap fram til desember 2018, skattekostnaden for 2018 og 2019 er knytt til denne investeringa.

Styrande organ

Stiftinga sitt høgaste organ er generalforsamlinga som består av 13 innskytarvalde medlemmer og 8 varamedlemmer. Dei innskytarvalde vert valde av og blant kundane til Sparebanken Vest busette i ein av kommunane/herada Eidfjord, Voss, Ullensvang, Kvam og Ulvik.

Generalforsamlinga for 2019 vedtok endringar i vedtektene slik at desse vart tilpassa den nye kommunestrukturen. Talet på medlemmer vart og redusert samt at tidlegare ordning med at Fylkesutvalet i Hordaland oppnemnde 3 medlemmer fall bort. Vedtektsendingane er godkjende av Finanstilsynet.

Som følge av overgangsreglar vil det ta 2 år før talet på medlemmer kjem i samsvar med dei nye vedtektene.

Generalforsamlinga består i dag av 10 kvinner og 5 menn.

Leiar for generalforsamlinga er Kjellaug Hoås Samland med Bente Eikås som nestleiar.

I 2019 gjekk styremedlem Jakob Dyrkolbotn ut som styremedlem. Kjetil Widding vart vald som ny styremedlem.

Styret består av 2 kvinner og 3 menn med Borghild Storaas Ones som leiar.

Administrasjon og administrative tilhøve

Sparebankstiftinga Hardanger har kontor i Kinsarvik.

Administrasjonen består av dagleg leiar Gunnar Skeie.

Etter styret si vurdering er stiftinga si verksemd slik at den i liten grad ureina det ytre miljøet.

Forskings- og utviklingsaktivitetar

Stiftinga har ingen pågåande forskings- og utviklingsaktivitetar.

Framleis drift

Føresetnaden om framleis drift er lagt til grunn i årsrekneskapen.

Arbeidsmiljø

Selskapet har ingen tilsette utanom dagleg leiar. Arbeidsmiljøet er tilfredsstillande. Det har ikkje vore skadetilfelle i 2019.

Likestilling

Styret praktiserer likestilling i samsvar med lover og reglar.

Framtidsutsikter

Stiftinga sine inntekter er fullt ut basert på finansinntekter. Utviklinga i finansmarknaden vil derfor vera avgjerande for stiftinga sine inntekter.

Veksten i norsk fastlandsøkonomi enda på ca. 2,6 prosent i 2019, ein oppgang frå 2,4 prosent i 2018.

Hovudstyret i Norges Bank auka styringsrenta til 1,5% i sep. 2019. Sentralbanken signaliserer i sine siste prognosar flat utvikling av renta framover.

Auken i rentenivået gjennom 2019 har resultert i noko høgare innskotsrenter på stiftinga sine bankinnskott. Rentenivået på dei rente/obligasjonsfonda som stiftinga har investert i er og på eit relativt lågt nivå, men med låg risiko.

Sparebanken Vest har hatt eit godt år i 2019. Viktigaste årsak til dette er god bankdrift, flat kostnadsutvikling og låge tap. Banken har pr.31.12.2019 nådd styresmaktene sitt kapitalkrav med god margin. For driftsåret 2019 har styret i Sparebanken Vest tilrådd at utbyttet vert sett til kr.2,80 pr. eigarkapitalbevis med utbetaling i april 2020. For dei eigarkapitalbevisa som stiftinga var eigar av pr.31.12.2019, vil dette gje ca. 33,4 mill.kr. i utbytte i 2020 mot 27,3 mill.kr. i 2019.

Etter det som er kommunisert til marknaden frå Sparebanken Vest om utbyttepolitikken, vil utdelingsgraden kunne vera inntil 50 % som er noko høgare enn det som er varsla utbytte for 2020. Vidare auke opp til 50% vil vera avhengig av banken sin vidare vekst samt regulatoriske krav til eigenkapital. Stiftinga vil truleg kunna pårekna å mota utbytte i 2021 på om lag tilsvarande nivå som i 2020.

Investeringane til stiftinga utanom investeringa i Sparebanken Vest er no om lag 250 mill.kr og vil truleg sjølv i det lågrenteregimet som vi no har, likevel kunna gje ei avkastning noko høgare enn det stiftinga oppnådde i 2019.


Ut frå dette vil truleg kontantinntektene til stiftinga auka noko i 2020 og 2021 og dei vil vera på eit nivå som sikrar stiftinga si drift og gåveverksemd på tilvart nivå.


Rettsvisande oversikt over utvikling og resultat


Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettsvisande bilete av stiftinga si eiga og gjeld, finansielle stilling og resultat.


Kinsarvik, 26.02.2020

Styret i Sparebankstiftinga Hardanger



Borghild Storaas Ones
Styreleiar


Per Berge
Nestleiar


Vidar Riber
Styremedlem


Margunn Hauso
Styremedlem


Kjetil Widding
Styremedlem


Gunnar Skeie
Dagleg leiar